

Detaljplan for miljø og landskap

ved bygging av

Oterholtfoss kraftverk

Midt-Telemark kommune

Telemark fylke



Utarbeida av / sign.: Margunn Helleland	Kontrollert av / sign.: J.A. Melheim	Dato: 15.04.2026
Bystøl AS	Tlf: 57 69 85 80 Fax: 57 69 85 81	e-post: post@bystol.no web.: www.bystol.no

Innholdsfortegnelse

1	Grunnlagsdata	4
1.1	Samandrag.....	4
1.2	Om konsesjonæren og anlegget.....	5
1.3	Lokalisering.....	6
1.4	Framdriftsplan	6
1.5	Lokal orientering/nabovarsling.....	6
2	Gjeldande vilkår og eventuelle endringer	7
2.1	Om konsesjonen, bakgrunnsnotatet og eventuelle endringer	7
2.2	Fare- og problemområder for miljø og landskap.....	9
2.3	Avbøtende tiltak for miljø og landskap.....	9
3	Beskriving av anlegget.....	11
3.1	Anleggsdeler	11
3.1.1	Minstevassføring	11
3.1.2	Reguleringsmagasin	11
3.1.3	Terskel i hovudelv.....	12
3.1.4	Bjelkestengsel ved innløpet til inntakskanalen	12
3.1.5	Stengevegg mot Mølleløpet.....	12
3.1.6	Inntakskonstruksjon og tilhørende dam.....	12
3.1.7	Vassveg.....	13
3.1.8	Kraftstasjon	14
3.1.8.1	Støy.....	14
3.1.9	Omløpsventil	14
3.1.10	Vegar.....	15
3.1.10.1	Riggområde	15
3.1.11	Masseuttak/deponi.....	15
3.1.12	Tilknytning til nettet.....	16
3.2	IK-vassdrag.....	17
3.2.1	Generelt	17
3.2.2	Prosedyre for avviksregistrering	17
4	Forhold rundt anlegget.....	18
4.1	Naturfare	18
4.2	Klimatilpassing.....	18
4.3	Naturmangfaldlova.....	19

4.4	Kantvegetasjon	20
4.5	Forholdet til andre myndigheter / lover	20
4.5.1	Plan- og bygningsloven.....	20
4.5.2	Kulturminnelova	20
4.5.3	Forureiningslova.....	21
4.5.4	Drikkevannsforskrifta	21
4.5.5	Mineralloven/-forskrifta.....	21
4.5.6	Motorferdsellova.....	21
4.5.7	Veglova	21
4.5.8	Reindriftsloven	21
5	Vedlegg	22
6	Referanser	22
7	Dokument som skal ettersendast.....	23

1 Grunnlagsdata

1.1 Samandrag

Oterholtfoss kraftverk er lokalisert til Kvennøya (nær Bø sentrum) i Midt-Telemark kommune. Eksisterende kraftverk vart satt i drift i 1932 og skal rehabiliterast med nytt inntak, ny vassveg og ny kraftstasjon. Etter ombygging vil kraftverket nytte eit brutto fall på 23,7 m i Bøelva og slukeevna er satt til 5 m³/s. Det vil gi ein installert effekt på 970 kW og ein estimert årsproduksjon på 7,5 GWh.

Vatnet førast i ein sidebekk/kanal (Skvidsla) frå Bøelva til inntakskonstruksjonen. Den gamle trebukkdammen som sperrar Skvidsla blir erstatta av ein betongterskel. Dammen vil få overløp på kote 86,3 moh. I tillegg ligg det ein terskel i hovudelva (Bøelva), som også skal oppgraderast. Vassvegen er planlagt med nedgraven røyrgate, med total lengde på om lag 190 m. Det vil bli nytta GRP-røyr med diameter 2000 mm.

Tilkomsten til kraftverket blir frå fylkesveg 3334. Oterholtvegen blir nytta fram til avkøyrsløse mot den private vegen til Kvennøya. Vegtilkomst på anlegget består hovudsakleg av eksisterande vegar. Vegen til kraftstasjonen må forlengast med 20 meter, sjå teikning 100.

Alle midlertidige areal vil bli tilbakeført til opphaveleg stand i samband med terrengoppussing. Terrenget over røyrgrøfta blir permanent endra. Terrenget vil så langt det let seg gjera bli tilbakeført til opphaveleg nivå. I samband med terrengoppussing vil stadleg vekstjord bli lagt tilbake over traséen for trykkrøyrret, oppfylling blir tilpassa mot terrenget rundt. Over tid vil synlege spor etter utbygginga avgrense seg til kraftstasjon, inntak og dam. Kraftstasjonen er planlagt med utføring, materialbruk og uttrykk i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

1.2 Om konsesjonæren og anlegget

Konsesjonær	Navn: Telemark Energi AS		
	Kontaktperson: Jon Arne Mørch Jonassen	Tlf: 91639462	Epost: jamj@tenergi.no
	Adresse: Grønvoldvegen 1, 3830 Ulefoss		
	Organisasjonsnummer: 925110671		
Informasjon om anlegget	Konsesjon: NVE referanse: 202312434		
	Anleggets navn: Oterholtfoss kraftverk		
	Lokalisering: Kvennøya, Oterholt. Midt-Telemark kommune i Telemark fylke		
Kontaktinformasjon byggefase	Kontaktperson miljø/landskap: Margunn Helleland	Tlf: 97525448	Epost: marhel@bystol.no
	Prosjektleder - byggefase: Jon Arne Mørch Jonassen	Tlf: 91639462	Epost: jamj@tenergi.no
	Byggeleder: Jan Sigbjørn Høgstad	Tlf: 970 42 923	Epost: jan.hogstad@foere.net
	Fagkompetanse miljø- og landskap: Jens A. Melheim	Tlf: 41215517	Epost: jens@bystol.no
Kontaktinformasjon driftsfase	Kontaktperson miljø/landskap:	Tlf:	Epost:
	Dagleg leder:		Epost:
	Fagkompetanse miljø- og landskap:	Tlf:	Epost:
	Tilsynsperson/oppfølging miljø- og landskap:	Tlf:	Epost:

Kontaktpersonar for driftsfase er ikkje avgjort på dette tidspunkt

1.3 Lokalisering

Tiltaket er lokalisert i Midt-Telemark kommune i Telemark fylke. Anlegget er lokalisert til Oterholtsfossen og Kvennøya, om lag 2 km frå Bø sentrum.

1.4 Framdriftsplan

- Tilrigging og førebunde arbeid: August 2026
- Oppstart byggearbeid: September 2026
- Betongarbeid: Oktober 2026 - April 2027
- Elektromekanisk: Februar 2027 - August 2027
- Ferdigstilling/driftssetjing: August 2027
- Terrengoppussing: Oktober 2027

Planlagt byggetid eksklusive terrengoppussing: 12 månadar.

1.5 Lokal orientering/nabovarsling

Aktuelle naboar er eigarar av følgande Gnr/Bnr; 43/2, 42/2, 42/3, 42/5, 42/6 og 42/7, 42/8, 42/9 og 4/10. Telemark Energi orienterer Midt-Telemark kommune og aktuelle naboar.

2 Gjeldande vilkår og eventuelle endringar

2.1 Om konsesjonen, bakgrunnsnotatet og eventuelle endringar

Tema Vilkår i konsesjonen	Henta frå konsesjon og konsesjonspliktavurdering	Kva består eventuelle endringar i?
1. Inntak	Inntak skal plasserast med HRV på kote 86,3.	Ingen endring.
2. Vassveg	Vassvegen skal bestå av nedgravne GRP-røyr frå inntak til kraftstasjon.	Ingen endring
3. Kraftstasjon	Dagens kraftstasjon er planlagd ståande og kan bli ein del av museet på Kvennøya. Ny kraftstasjon skal etablerast på parkeringsplassen til den gamle stasjonen.	Ny kraftstasjon er flytta ca. 25 meter i nordaustleg retning.
4. Største slukeevne	Slukeevne på 5 m ³ /s	Ingen endring
5. Minste driftsvassføring	Ingen krav. Frivillig slipp av minstevassføring er estimert til om lag 2,0m ³ /s med dagens kraftverk.	Frivillig slepp redusert til om lag 1,5 m ³ /s.
6. Installert effekt	850kW i dagens kraftverk	970 kW.
7. Tal turbinar/turbintype	Horisontal Francisturbin.	Ingen endring
8. Veg	Eksisterande tilkomstveg vil bli nytta.	Ingen endring. Forlenge veg til kraftstasjon med 20m.
9. Avbøtande tiltak	Ingen krav	Sjå avsnitt 2.3
10. Anna		

Endring	Grunngjeving for endringar og verknader av disse
Ny kraftstasjon er flytta ca. 25 meter i nordaustleg retning.	Kraftstasjon er flytt 25 lengre langs avløpskanal for eksisterande kraftverk enn beskrive i konsesjonspliktvurderinga. Årsaka er at ein vil unngå konflikt med «Mølleløpet». Bø Museum ynskjer å få vatnet tilbake i mølleløpet og etablere badekulpar og synleggjere dei gamle murane etter mølle og sag ved «Mølleløpet». Det kan heller ikkje utelukkast større vassmengder i «Mølleløpet» ved flaum.
20m ny veg til kraftstasjon.	Følgjer av flytting av kraftstasjon, sjå over.
Installert effekt auka til 970 kW.	Auke frå dagens turbin (850kW) frå 1919 skuldast betre verknadsgrader og mindre tap i vassveg.
Reduksjon i frivillig slepp av minstevassføring	Sleppa som var beskrivne i førespurnad om konsesjonspliktvurdering er grove estimat og vil variere sterkt med vassføringa. Slepp etter utbygging vil skje gjennom faste spor og røyr og kan bereknast meir nøyaktig. Summen av sleppa blir 1,5 m ³ /s ved vasstand lik HRV. Merk at det vil være overløp i Oterholtfossen i over 350 dagar i eit normalt år.

Relevante vedtak frå NVE	Dato	Vedtak NVE ref.
Konsekvensklasse etter damsikkerheitsforskrifta		Inntaksdam: Klasse 0 (omsøkt) Vassveg: Klasse 0 (omsøkt)
Anleggskonsesjon		Søknad om anleggskonsesjon for bygging av 22kV kabel til nettstasjon er sendt NVE.

2.2 Fare- og problemområder for miljø og landskap

1. Anadrom fisk og ål
2. Rik edellauvskog
3. Viktig friluftstiltak – og museumsområde

2.3 Avbøtende tiltak for miljø og landskap

1. Anadrom fisk og ål

Slik anlegget er bygd i dag vil fisk som kjem inn i inntakskanalen mot kraftverket måtte gå gjennom turbinen eller blir fanga i kanalen. Eit nytt inntak vil bli bygd med fiskesikker rist og fluktveg for nedvandrande fisk generelt og ål (EN) spesielt og med slepp av vatn også i sidebekken. Dette gjer at forholda for nedvandrande fisk vert betydeleg betre enn no-situasjonen. Oterholtfossen er naturleg vandringshinder for anadrom fisk, men ikkje eit absolutt vandringshinder. Det er observert laks (NT) og elvemusling (VU) nedstraums Oterholtfossen. Spor for slepp av vatn og litt lågare terskelhøgde i Oterholtfossen enn i sidebekken gjer at det aller meste av vatnet framleis vil renne ned Oterholtfossen.

I anleggsfasen vil det vere lite behov for graving og sprenging i Bøelva. I sidebekken Skvidsla vil det vera noko meir aktivitet. Fangdammar blir etablert slik at arbeid med gysing av boltar og støyping vil føregå tørt og betongslam ikkje vert oppløyst i vatn og går i elva. Nytt bjelkestengsel inn mot kanalen / Skvidsla vert etablert tidleg slik at alt arbeid i sidebekken vert utført «tørt.»

2. Rik edellauvskog

Eit lite område (vel 10 m³) er merka med «rik edellauvskog» og ligg innanfor planlagt arealbruksgrense. Det er tydeleg at grensene for edellauvskogen er grovt skissert i kartet til miljødirektoratet. Området som er råka ligg i- og like ved inntakskanalen til eksisterande kraftverk, og det er ikkje observert lauvskog her.

3. Viktig friluft- og museumsområde

Kvennøya var tusenårsstaden til Bø kommune, som no er ein del av Midt-Telemark kommune og er eit mykje nytt friområde med museumsbygningar og område blir nytta til arrangement. Under planlegging av kraftverket har de vore viktig å ta omsyn til bruken av Kvennøya både i anleggs- og driftsfase:

- Trerøyrigata som per i dag ligg i dagen vil bli erstatta av nedgraven røyrigate i GRP. Dette aukar tryggleiken for all bruk av området.
- Plassering, utforming og materialbruk av kraftstasjonen er følgjer krava i reguleringsplanen og er tilpassa dei andre bygningane på Kvennøya. Med ein Francisturbin med lågt turtall og dykke utløp vil det vere lite sjenerande støy frå kraftstasjonen. Luftinntaksriser er mot kanalen og vifter er plassert mot berghammaren bak stasjonen. Støy frå kraftstasjonen vil kun høyrast heilt nær kraftstasjonen og ikkje være til ulempe for bruken av området.
- Kraftstasjonen vil få store vindauge inn mot kontrollrom og maskinsal slik at bruk av vasskraft i eit historisk perspektiv kan opplevast med kverner, møller, sagbruk og kraftverk frå 1932 og 2027.
- Det lagt til rette for kontrollert slepp av vatn i Mølleløpet med røyr gjennom betongvegg der det i dag er eit nål-stengsel. Betongveggen er nødvendig for å hindra flaumvassføring i Mølleløpet.
- Terskelen i Bøelva vert utforma med maksimal høgde på 0,5m og den vil framleis vere trygg for padling og bading Det er også tilrettelagt for kajakkpadling ved låg vassføring, ved at ein kan passere terskelen i minstevassføringssporet.
- Riggområde 1 ved Skvidsla før bilbrua til Kvennøya kan eventuelt nyttast som parkeringsplass for utfart til Kvennøya og på skogs- og turvegar langs Bøelva. Dette vil eventuelt bli omsøkt til Midt- Telemark kommune. Gjerdeport vert erstatta med enkel bom med passering for gåande.
- Under bygging vert området sikra med byggegjerde langs heile nordsida av anleggsområdet, sjå arealbruksplan teikning nr. 106. Nødvendig biltransport til Kvennøya vil kunne skje gjennom anleggsområdet etter avtale med prosjekt- / byggeleiar. Museumsområdet på Kvennøya vil elles brukast som i dag under anleggsperioden. Hovuddelen av anleggsarbeidet vil skje utanom hovudsesongen på Kvennøya, det vil seia mellom 1. oktober og 31. mai.

3 Beskriving av anlegget

3.1 Anleggsdeler

Eksisterende kraftverk vart satt i drift i 1932 og skal rehabiliterast. Det nye anlegget består av nytt inntak, ny vassveg og ny kraftstasjon. Eksisterende kraftverk har også to tersklar som skal oppgraderast. Den eine ligg i hovudelva oppstraums Oterholtsfossen, medan den andre står ved inntakskonstruksjonen og demmer opp vatnet frå kanalen i sidebekken. Kraftverket vil nytte eit brutto fall på 23,7 m i Bøelva med HRV på kote 86,3 moh og utløp i elva på kote 62,6 moh.

3.1.1 Minstevassføring

Det er ingen krav om minstevassføring i konsesjonen. Det er planlagt slepp av minstevassføring av omsyn til naturmangfald og friluftsiinteresser. Det blir slepp av vatn på tre ulike stader:

1. Spor i terskel i Bøelva. Breidde 3 meter og høgde 0,3m.
Slepp ved vasstand 86,3 moh: 1,0 m³/s.
2. Røyr DN400 i vegg mot mølleløpet. Slepp ved vasstand 86,3 moh: 0,1 m³/s
3. Spor i dam ved rist i sideløp. Breidde 0,6m og høgde (til HRV) 0,5m: . Slepp ved vasstand 86,3 moh: 0,4 m³/s

Totalt vert teoretisk 1,5m³/s vatn sleppt ved vasstand lik HRV. Ved vassføring i Bøelva under 6,6m³/s vert 1,6m³/s vatn sleppt. Dette er vurdert til å vere tilstrekkeleg for nedvandring av ål og anna fisk samt bra med vatn i Mølleløpet. I Oterholtfossen vil det opplevast som lite vassføring, men tilstrekkeleg for bading og tilsvarande aktivitet.

I eit normalt år (2019) vil det vere 13 dagar med minstevassføring i Oterholtfossen. Resten av året vil det vere overløp og større vassføring.

Det er ikkje planlagt måling og logging av minstevassføringa. Vassnivået ved inntaksdammen vert kontinuerleg målt og logga i kontrollsystemet til kraftverket.

3.1.2 Reguleringsmagasin

Det er ikkje planlagt reguleringsmagasin ved anlegget.

3.1.3 Terskel i hovudelv

Plasseringa er vist på situasjonsplan teikning 100. Terskel i hovudelva er vist på teikning 140. Dammen er omsøkt plassert i konsekvensklasse 0.

Det ligg ein terskel i hovudelva (Bøelva) som skal oppgraderast. Dammen er ein terskel som er fundamentert på fjell i botn og i sidene og festa med fjellboltar. Det er anteke at den gjennomsnittlege damhøgda vert 0,3 meter til HRV, medan maksimal damhøgde vil ikkje overstige 0,5 meter. HRV skal liggje på 86,3 moh. Dammen vil bli bygd med fritt overløp, med ei lengde på om lag 36 meter. Totalt oppdemt areal blir omlag 750 m³. Dammen har også eit spor for minstevassføring som omtalt i kapittel 3.1.1.

3.1.4 Bjelkestengsel ved innløpet til inntakskanalen

Eksisterande luke ved innløpet til inntakskanalen blir erstatta av eit bjelkestengsel. Detaljar er vist på teikning 117. Plasseringa er vist på situasjonsplan, teikning 100 og 102. Bjelkestengselet er det første av to stengeorgan, og kan brukast ved vedlikehald i inntaket og tilhøyrande dam.

3.1.5 Stengevegg mot Mølleløpet

Eksisterande nålstengsel mot Mølleløpet vert rive og ein betongvegg vert bygd til nivå med omkringliggende terreng. Detaljar er vist på teikning nr. 116. Veggjen vil hindre flaumvassføring i Mølleløpet som kan skade kraftverket og museumsområdet. Veggjen vert om lag 5,5 meter brei og 3,6 meter høg, til kote 89,4 moh. Dette er på nivå med ein 200-årsflom med klimapåslag, sjå vedlegg 5. Røyr DN400 gjennom veggjen med stengeventil nedstrøms gjer det mogeleg med kontrollert slepp av vatn i Mølleløpet.

3.1.6 Inntakskonstruksjon og tilhøyrande dam

Plasseringa er vist på situasjonsplan teikning 100. Dam og inntakskonstruksjonen er vist på teikning 120 og 126. Dammen er omsøkt plassert i konsekvensklasse 0.

Den gamle trebukkdammen som sperrar kanalen blir erstatta av ein platedam som fundamenterast på fjell i botn og i sidene. Dammen får overløp på kote +86,5 moh som er 0,2m over HRV. Årsaka til at overløpet er høgare enn HRV er at vassføringar over driftsvassføring og slepp av minstevassføring først skal renne ned Oterholtfossen. Dette hindrar også unødvendig mykje rusk og rask som kan sette seg på finrista kjem inn i kanalen mot inntaket. Det berekna at om lag 7m³/s renn i Oterholtfossen før det vert overløp ved inntaket.

Dimensjonerande flaumnivå er berekna til 2,0 m over HRV. Høgaste punkt frå elvebotnen til HRV blir om lag 2,7 meter, medan gjennomsnittleg damhøgde vil liggje omkring 1,5 meter. På sørsida av elva vil dammen bli støypt mot fjell i nivå med HRV, og flaumstigninga vil dermed renne mot fjell på denne sida.

Dammen vil bli bygd med fritt overløp, med ei lengde på om lag 15,6 meter. Totalt oppdemt areal blir omlag 1125 m³. Dammen har eit spor for minstevassføring som omtalt i kapittel 3.1.1. På det lågaste punktet i dammen blir det plassert ei tappeluke på 1x1 meter.

Inntakskassen blir bygd på nordsida av elva. Konstruksjonen består av rist, bjelkestengsel, lukehus og våtkammer med lufting. Følgande data gjeld for planlagt inntak:

- Inntakskassen blir støypt mot fjell med varierende mål. Største l x b x h = 13,4 x 9,3 x 6,7 meter.
- Elektriske skap som blir plassert i flaumsikkert nivå i lukehuset på toppen av inntakskassen.
- Det blir totalt fire neddykka finrister med b x h = 2,8 x 2,5 m. Ristene skal vere fiskesikre med spalteopning 15mm med avrunda kantar på oppstraums side. Rista vert utstyrt med grindreinskar.
- Bjelkestengsel nedstraums kvar rist. Dette blir kraftverkets andre stengeorgan.
- Fylling av rørygate utførast med tilnærma lukka bjelkestengsel. Ein av bjelkane blir lagt til side for kontrollert fylling.
- Dammen har også eit spor for minstevassføring som omtalt i kapittel 3.1.1. Slepp av minstevatn i sporet dannar ein fluktveg for nedvandrande fisk.
- Rørygata får lufting via rister i dekket nedstraums rist og bjelkestengsel. Ristene kan også nyttast som tilkomstrister.
- Straum- og signalkablar frå kraftstasjon til inntak er planlagt i trekkerøyr langs rørygata.
- Inntaket vil stå permanent neddykka og vil være dimensjonert for dette.

3.1.7 Vassveg

Det nye røryret vil vere nedgrave GRP, med trykkklasse PN6. Dimensjonen er 2000 mm. Røryret vil gå frå sideinntaket og ned gjennom lausmasseryggen som utgjorde den gamle kanalen mot inntaket og ned til vegen til kraftstasjonen og følgje denne fram til ny kraftstasjon. Lengda blir om lag 190 m. Grøfteprofil er vist på teikning 115.

I høve konsesjonspliktavurderinga er det endringar i traséen for vassvegen. Kraftstasjonen er flytta ca. 25 meter i nordaustleg retning, og rørygata blir dermed forlenga. Bendet ved pel 100 er fjerna. I horisontalplanet vil rørygata liggje i eit rett linje mellom kraftstasjon og inntak. For å oppnå tilstrekkeleg krumming, skal det nyttast 3-meters røyr i heile traséen. Vår vurdering er at ny trase vil føre til mindre terrenginngrep og lågare kostnader.

3.1.8 Kraftstasjon

Den nye kraftstasjonen blir etablert ca. 25 meter (i nordaustleg retning) frå parkeringsplassen til den gamle stasjonen. Utløpet vil vere i same avløpskanal. Kraftstasjonen får ei grunnflate på om lag 110 m² og får eit moderne uttrykk tilpassa den gamle kraftstasjonen. Utvendig materiale vert glass, bindingsverksvegger med trekledning. Med ein horisontal Francissturbin heist inn gjennom hol i taket vert bygningen relativt låg.

- Kraftstasjonen er planlagt med OK golv maskinsal på kote + 64,75 moh, senter turbin på kote + 64,8 moh og OK golv utløpskanal på kote + 61,65 moh. Tekniske rom vil ha OK golv kote + 66,25 moh. Flomnivå Q200 med klimapåslag er på kote 66,0 moh.
- Utført i plasstøyppt vasstett betong opp til OK golv tekniske rom. Overbygget vil bli utført med bindingsverksvegger med trekledning.
- Hovudmål for kraftstasjonen er, l x b x h = 14,2 m x 8,0 m x 6,9 m (utvendige mål og mønehøgd over OK golv maskinsal)
- Kraftstasjonen er delt inn i maskinsal (61 m²), kontrollrom (16,8 m²) og traforom (10,4 m²) og høgspenrom (10,4 m²). Totalt 110 m² (brutto)
- Generatoren vert luftkjølt. I maskinsalen vert det sett inn ei ventilasjonsrist på 1,5 x 2,1 m. Avtrekk frå generatoren vil gå i aksialvifter i veggen mot søraust.
- I kontrollrommet vert det sett inn lufterventilar og i trafo- og høgspenrommet vert det sett inn vifter for kjøling. I traforommet vert det sett inn ei ventilasjonsrist på 2,4 x 2,4 m.
- Alle rom får isolerte vegger og tak.
- Stasjonen blir bygd med saltak med 28° helling.
- Stasjonen får demonterbar takseksjon for å heise inn og ut større utstyr (generator).
- Utløpskanal vert erosjonssikra med plastring ved utløpet i elva.

3.1.8.1 Støy

Turtalet til generatoren vert lågt og dykka utløp saman med tunge materialar og støyabsorberande plater i himling gjer at lite støy kjem ut av kraftstasjonen. Støy frå maskinsalen og vifter vil hovudsakleg kome ut rister mot avløpskanalen og mot berghammaren rett bak kraftstasjonen. Noko dur og viftestøy vil høyrast heilt nær kraftstasjonen.

3.1.9 Omløpsventil

Det er ikkje planlagt omløpsventil på anlegget.

3.1.10 Vegar

Eksisterande tilkomstveg og ny permanent veg til kraftstasjon er vist på situasjonsplan (teikning 100) og arealbruksplan (teikning 106).

Som omtala i kapittel 2 er det planlagt ny veg til kraftstasjonen. Frå eksisterande parkeringsplass følgjer vegen parallelt med den nye røyrkata i ca. 25 meter fram til ny parkeringsplass. Vegen startar med ei bekkekryssing, som vist på teikning 118. Kryssinga vil bli utført som ei kulvertløysning med fundament av plasstøypet betong og korrugerte røyr. For å unngå vatn i røyrgrøfta, blir det lagt betong i botn av bekkeløpet gjennom kulverten. Vidare mot kraftstasjonen blir det bygd ny veg i skogsterreng, hovudsakeleg i terrengnivå.

Det er ikkje utført grunnundersøkingar i området langs vegen, men grunnforholda vil verte betre kartlagt undervegs i gravearbeidet. Grunnforholda som blei observerte i samband med synfaring viser lausmassar av sand, grus og stein. Dersom det blir registrert utfordrande grunnforhold vil det vera mogleg å gjera grunnforsterkande tiltak. Vegstandarden er planlagt som landbruksveg i klasse 3.

Midlertidig auka bruk av avkjørsla i anleggsfasen vert søkt Telemark fylkeskommune. Det er i detaljplanen teke høgde for utbetring av krysset med tanke på stigning inn mot krysset.

3.1.10.1 Riggområde

Det er planlagt 3 riggområde ved anlegget, der alle riggområda er midlertidige. Riggområde 1 (800 m²) er planlagt på sørsida av inntakskanalen, parallelt med tilkomstvegen til anlegget. Området vil bli nytta som midlertidig lagring av trykkrøyr til røyrkata og for massar som skal brukast i prosjektet. Riggområde 2 (400m²) er planlagt på nordsida av inntakskanalen og ligg tettare på inntakskonstruksjonen. Området skal brukast til alle aktivitetar som skjer ved inntak og dam. Brakke for matpausar og klesskift blir også plassert her. Riggområde 3 (200 m²) er planlagt ved kraftstasjon, og vil bli nytta til alle aktivitetar som skjer i kraftstasjonen. For å begrense graving i kantvegetasjon, er riggområda plassert minimum 5 meter frå elv.

Riggområde 1 skal i utgangspunktet tilbakeførast. Utfartsparkering vil eventuelt bli omsøkt til Midt-Telemark kommune.

3.1.11 Masseuttak/deponi

Utbygging av både kraftstasjon, dam og inntakskonstruksjon vil gi eit masseoverskot av sprengstein og lausmassar. Langs røyrkata er det også parti med djupe grøfter, der det blir utfordrande å leggje massane lokalt. På grunn av utvidingsfaktoren mellom faste og lause massar, kan det bli opptil 10-15 m³ overskotsmassar pr meter grøft.

Egna massar frå jord-/ fjellgrøft kan nyttast delvis til overdekning av røyrgrøfta. For å unngå unødig transport, er det er ynskjeleg å plassere mest mogleg overskotsmasse lokalt langs traséen. Egna massar kan også nyttast til plastring ved kraftstasjon/utløpskanal og tilbakefylling mot

betongkonstruksjonane. Det vil også nyttast til opparbeiding av vegtilkomst og parkeringsområde ved kraftstasjonen.

Andre massar plasserast på massedeponi utanfor anlegget. Det er avtalt å avhende overskottsmassar til arrondering av sandtaket aust for telthusflata (avkøyrsløse frå Livegen). Det er eit mål å bruke så lite areal som mogleg til massedeponi lokalt. Ved behov for å deponere massar vil vekstjord bli lagt til side og brukt som topplag i samband med terrengoppussing av alle aktuelle område.

3.1.12 Tilknytning til nettet

Mellom ny og eksisterande kraftstasjon blir det lagt høgspenkabel i grøft til inntak og vidare over eksisterande bru til nettstasjonen, som vist på situasjonsplan, teikning 100 og 101.

Det elektriske høgspentanlegget for innmating av straum frå nye Oterholt kraftverk er i samsvar med vassdragskonsesjonen til eksisterande/gamle Oterholtfoss Kraftverk. Det vert søkt om anleggskonsesjon til å bygge og drifte høgspentanlegg i medhold til Energilovens §3-1.

3.2 IK-vassdrag

3.2.1 Generelt

Målsetting for drifta av kraftverket er å drive utan avvik. Om det likevel skulle oppstå avvik blir disse registrerte, korrigerede og tiltak satt i verk for å hindre gjentakning. Dersom avviket er alvorleg, blir det rapportert til ansvarleg myndigheit.

3.2.2 Prosedyre for avviksregistrering

Hensikt:

- Sikre at alle avvik blir registrerte og rapporterte
- Sikre forbetring av prosedyrar/rutinar

Ansvar:

- Alle involverte/tilsette ved anlegget har ansvar for å rapportere avvik.
- Byggeleder (anleggsfase) og HMS/Internkontroll ansvarleg (driftsfase) har ansvar for å registrere og følge opp rapporterte avvik.
- Byggeleder (anleggsfase) og dagleg leiar (driftsfase) har ansvar for å behandle og lukke avvik.

Registrering og behandling:

- Alle avvik skal registrerast på eige skjema som ligg i vedlegg 3. Det skal nyttast eit skjema for kvart avvik.
- Byggeleder (anleggsfase) og HMS/Internkontroll ansvarleg (driftsfase) har ansvar for å ajourføre avviksloggen (sjå skjema).
- Driftsleder er ansvarleg for igangsetting av korrigerande tiltak og for å sjå til at disse blir gjennomført innan fristen. Når dette er gjennomført vert avviket lukka/signert av ansvarleg person og arkivert.

Kontrollpunkt:	
Rutinar	Beskrivelse
Kven har ansvaret for gjennomføring av tilsyn?	
Kor ofte blir tilsyn gjennomført?	
Er det særskilt tilsyn på forhold som er kartlagt jf. §§ 5.6?	
Frekvens for tilsyn/registrering i kraftstasjonen?	
Korleis vert avvik avdekka, registrert, behandla og lukka?	

4 Forhold rundt anlegget

4.1 Naturfare

I samband med synfaring og oppmåling for detaljplanlegging er området vurdert med omsyn til flaum- og skredfare. I tillegg er området sjekka mot NVE sine digitale temakart for skred og flaum.

Ifølge NVE temakart ligg anlegget ikkje under marin grense/aktsemdssone for marin leire. Utklipp frå temakartet er vist på Figur 1. Området er relativt flatt, så anlegget ligg naturlegvis ikkje innanfor aktsemdområdet for jord- og flaumskred, snøskred eller steinsprang. Utklipp frå nemnte temakart er illustrert i Figur 1, 2, 3 og 4.

Anleggsområdet har dermed tilfredsstillande sikkerheit mot naturfare, og det er ikkje behov for sikringstiltak i denne samanheng.



Figur 1 Aktsemdområdet for kvikkleireskred



Figur 2 Aktsemdområdet for Jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred

4.2 Flaum i anleggsfase

Det skal etablerast midlertidige fangdammar eller flaumvollar for sikring av utsette område i anleggsfasen. Desse skal byggast av lausmassar med naturlege materialar. Det vil verte umogeleg å bygge fangdammar som toler ein 200-års flaum, då dette sperrar for mykje av løpet. Reguleringa av Sundsbarmvatnet reduserer risikoen for større flaumar i vassdraget.

Delar av riggområde 1 ligg under dimensjonerande flaumvasstand og er difor utsett i ein flaumsituasjon. Lagring av trykkrøyr og andre massar som skal brukast i prosjektet lagrast på sikker høgde, medan resterande delar av riggområde fortrinnsvis nyttast til parkering. Riggområde 2 og 3 ligg over dimensjonerande flaumvasstand.

Byggeleiar og entreprenør vil følgje med på vermeldingar, farevarsel, t.d. på varsom.no. Ved fare for flaum vil aktuelle anleggsområde som vert råka av flaum bli evakuerte til sikre plassar. Lause deler fjerna frå området og delvis ferdig konstruksjonar best mogeleg sikra. Ved meldt storflaum vert fangdammar fjerna slik at flaumvasstanden ikkje stig meir enn naturleg og ikkje meir lausmassar enn nødvendig blir vaska ut i vassdraget.

4.3 Klimatilpassing

Miljødirektoratet har utarbeid fylkesvise klimaprofilar som kjem med tilrådingar om klimapåslag ved flaumberekningar. Alle konstruksjonar vil være dimensjonerte for 200 års flaum med 20% klimapåslag. Hydraulisk utrekning av flaumnivå i heile tiltaksområdet er berekna med HecRas og resultat er presenterte i vedlegg 6.

4.4 Naturmangfaldlova

Tiltaket råkar ikkje verna område eller regionale verneplanar. Tiltaksområdet er kontrollert opp mot karttenesta artsdatabanken og miljødirektoratet (Naturbase).

I konsesjonssøknaden «Tabell 4» blir det vist til raudelista arar frå Artsdatabanken som ligg i området i- og rundt anlegget. Dette gjeld ulike mosetypar, stautnål, fuglereir, ål, elvemusling og laks. Det nye inntaket vil bli bygd med fiskesikker rist og fluktveg for nedvandrande fisk med slepp av minstevatn også i sidevassdraget. Dette gjer at forholda for nedvandrande fisk vert betydeleg betre enn no-situasjonen. Rehabiliteringa har vore inne til konsesjonspliktavurdering og det vart ikkje gjeve løyve til å auka slukeevna til kraftverket av omsyn til laks, elvemusling og naturmangfaldet knytt til Oterholtfossen. Dagens vassføring i Oterholtfossen vert vidareført.

Elles er det berre raudelista streifdyr som Gaupe og Hønehauk som ikkje er teke omsyn til i konsesjonsvurderinga. Desse artane brukar store areal er det ikkje venta at dei vil bli påverka av utbygginga med unntak av byggjeperioden. Det ingen nye registreringar av raudlisteartar på noverande tidspunkt.

I miljødirektoratets naturbase er det også gjort nokre funn av naturtypar som rik edellauvskog og kalkskog. Naturtypene vil ikkje verte påverka av den marginalt reduserte vassføringa i Oterholtfossen, og kalkskogen vil ikkje bli påverka under bygging. Ein liten del av området (vel 2 m²) som er merka «rik edellauvskog» ligg innanfor planlagt arealbruksgrense, som vist i Figur 3. Det er likevel tydeleg at grensene for edellauvskogen er grovt skissert i kartet til miljødirektoratet. Området som er råka ligg i- og like ved inntakskanalen til eksisterande kraftverk, og det er ikkje observert lauvskog her.



Figur 3 Funn av naturtypar i miljødirektoratets naturbase

4.5 Kantvegetasjon

Inngrep i kantvegetasjonen vil først og fremst gjelde konstruksjonane som står i nødvendig samanheng med vassdraget. Det skal etablerast eit bjelkestengsel ved innløpet til kanalen som fører vatn til inntakskonstruksjonen. Kanalen skal i tillegg gjerast djupare (om lag 1 meter) over ei strekning på ca. 30 meter. Ved inntakskonstruksjon og dam er det fjell i dagen, og tiltaket vil dermed ikkje råke kantvegetasjon i dette området. Ved kraftstasjonen blir utløpsvatnet tilbakeført til elva via utløpskanal. Også denne kanalen skal utvidast over ei strekning på ca. 30 meter. Viser til situasjonsplan og arealbruksplan, teikning 100 og 106. Vekstjord vil bli lagt til side og tilbakeført i samband med terrengoppussing. Området vil dermed bli naturleg revegetert.

4.6 Forholdet til andre myndigheiter / lover

4.6.1 Plan- og bygningsloven

Anleggsområdet er rekna som eit «Grønnstrukturområde» i arealplanen til Midt-Telemark kommune, og skal nyttast som naturområde, turdragområde, friområde og park. I reguleringsplanen for området frå 1995 er heile Kvennøya market som «*spesialområde bevaring museum / friområde.*»

I reguleringsbestemmelsane er følgjande bestemmelsar relevante:

